



Trygt og godt skulemiljø

Innhold

Rett til eit trygt og godt skulemiljø – opplæringslova §12	2
Intensjon med planen; rett til eit trygt og godt miljø	2
Systematisk og førebyggjande arbeid	3
Skulen si aktivitetsplikt:	4
Følgje med og fange opp:	4
Kartleggingsverktøy ved Orre skule	11
Klassetrivsel.no	11
Elevundersøkinga	11
Tilsyn og observasjon	11

Som del av arbeidet med å skapa eit trygt og inkluderande skulemiljø for elevane på Orre skule, har skulen utarbeidd følgjande handlingsplan.

Rett til eit trygt og godt skulemiljø – opplæringslova §12

«Alle elevar har etter opplæringslova § 12-1 rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Skulen har eit lovpålagt ansvar for å førebyggje, avdekke og handtere alle former for krenkjande åtferd. Dette inneber at skulen skal arbeide aktivt, systematisk og målretta for å skapa eit inkluderande og støttande læringsmiljø for alle elevar.

Elevane si eiga oppleving av skulemiljøet er avgjerande for om det blir vurdert som trygt og godt. Dette stiller krav til at skulen lyttar til elevstemma, tek føresette med på råd, og følgjer dei fem delpliktene i aktivitetsplikta: å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak.

Denne handlingsplanen er Orre skule sitt styringsverktøy for å sikre oppfølging av lovkrava i kapittel 12 i opplæringslova, og skal bidra til at alle elevar opplever eit trygt, inkluderande og helsefremjande skulemiljø.

Planen omhandlar rutinar for

- årleg informasjonsdeling om §12 til elevar, føresette, klassekontaktar, FAU og SU
- Ikkje-anonyme kartlegging, tiltak og evaluering
- Elevrådet si rolle knytt til pro-aktivt arbeid
- Elevsamtalar, utviklingssamtalar og foreldremøte
- Pro-aktive fellesopplevingar
- Systematisk arbeid med delpliktene i §12 for heile personalet

Intensjon med planen; rett til eit trygt og godt miljø

Eit godt psykososialt miljø er ein føresetnad for læring, og det er elevane si eiga oppleving av skulemiljøet som er avgjerande for om det blir vurdert som trygt og godt. Skulen skal leggje til rette for open dialog og samarbeid med føresette. Dersom det oppstår uro knytt til ein elev sin

skulekvardag, kan føresette ta kontakt med kontaktlærar, avdelingsleiar eller rektor for å drøfte situasjonen og vurdere vidare tiltak.

Systematisk og førebyggjande arbeid

Som omtalt ovanfor, krev arbeidet med å sikre eit trygt skulemiljø ei heilskapleg, langsiktig og systematisk tilnærming. Ved Orre skule er arbeidet tredelt:

1. Arbeidet med å fremje eit trygt, inkluderande og støttande skulemiljø er integrert i den daglege pedagogiske verksemda ved skulen, og omfattar i hovudsak universelle tiltak som skal styrkje trivsel og førebyggje uønskt åtferd blant alle elevar. Orre skule nyttar den skuleomfattande PALS-modellen (Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skulen) som eit sentralt rammeverk i dette arbeidet. Gjennom PALS vert det arbeidd systematisk med å utvikle klare og felles haldningsskapande tiltak, forventningar til åtferd, og positiv forsterking som fremjar gode relasjonar og eit trygt læringsmiljø.

I tillegg deltek skulen i Trivselsleiarprogrammet (TL-programmet), som legg til rette for elevmedverknad gjennom at elevar vert valde til trivselsleiarar. Desse elevane får opplæring i å initiere og leie inkluderande og varierte aktivitetar i friminutta, med mål om å skape sosial tryggleik, fellesskap og auka fysisk aktivitet for alle.

2. Førebygging av krenkjande handlingar handlar om korleis skulen følger delpliktene i aktivitetsplikta:
 - a. Plikt om å følge med og fange opp
 - b. Plikt om å gripa inn
 - c. Plikt om å melde fra
 - d. Plikt om å undersøka
 - e. Plikt om å setta inn tiltak og evaluera
3. Planen skal sikre systematisk oppfølging av dette arbeidet.

Skulen si verksemd er forankra i prinsippet om at førebygging er det viktigaste tiltaket for å redusere omfanget av krenkelsar og uønskt åtferd. Gjennom å byggje og oppretthalde eit trygt og positivt læringsmiljø – prega av klare forventningar, gode relasjonar og aktiv elevdeltaking – vert det lagt til rette for eit klima der risikoen for konflikhtar og krenkande episodar vert redusert. I tillegg vil eit slikt miljø styrkje skulen si evne til å handtere og løyse eventuelle krenkingar på ein god og effektiv måte.

Denne handlingsplanen er utarbeidd med heimel i opplæringslova kapittel 12 om skulemiljøet til elevane.



Skulen si aktivitetsplikt:

Alle tilsette skal:

- Følge med på at elevane har det trygt og godt på skulen
- Gripe inn og stoppe uønskt åtferd med ein gong
- Varsla rektor
- Undersøkje hendinga og dokumentere undersøkinga
- Lage ein *Aktivitetsplan* med tiltak og evalueringstidspunkt
- Ved evaluering skal ein vurdere om tiltaka har fungert og i kva grad. Planane kan bli avslutta dersom eleven opplever eit trygt og godt skolemiljø. Om ikkje kan tiltaka halde fram, justerast, eller ein lagar nye tiltak.
- Dersom det er elevar som blir namngitt som krenkjer følger ein same prosedyre.

Følge med og fange opp:

Alle som arbeider ved skulen har ein plikt til å følge med på kva som skjer ved skulen og gripe inn om ein ser krenkingar. Dette gjeld først og fremst alle med ein arbeidskontrakt med skule/skuleeigar, uavhengig om det er fast, vikariat, tilkallingshjelp og stillingsstørrelse. Dette gjeld også for andre tilsette hjå eksterne tenesteleverandørar.

Korleis kan ein oppdage at elevar ikkje har det trygt og godt?

Det kan vera vanskeleg å oppdage at ein elev ikkje har det trygt og godt, dette kan til dømes vere utestenging, baksnakking og krenking på nett.

Korleis oppdage at elevar ikkje har det bra?

- *Elevsamtalar*. Elevar på Orre skule skal ha minst to elevsamtalar i året med læraren sin. I desse samtalane skal ein spørje om elevar har det trygt og godt, om eleven har vorte krenka, om eleven har vore med å krenkja andre eller om eleven kjenner til andre som blir krenkja. I

tillegg til desse formelle samtalene har tilsette fleire uformelle samtaler i kvardagen, samt oppsøkjande samtaler ved mistanke om at elev ikkje har det trygt og godt. Skulen bruker også verktøyet Klassetrivsel, to gonger i halvåret, for å kartleggja trivselen til elevane.

- *Utviklingssamtalar.* Elevar på Orre skule skal ha minst to utviklingssamtalar (samtale mellom elev, heim og skule). Utviklingssamtalen ligg i etterkant av elevsamtalen.
- *Tilsyn.* Alle tilsette på skulen har tilsyn i friminutt. Når ein har tilsyn skal den tilsette vere *årvaken* (følgje aktivt med: følgje med på rollar i leik, følgje med på om nokre elevar går aleine). Den tilsette skal vere medviten på område i skulegarden der elevar kan «gøyma seg vekk», og skal aktivt oppsøke desse plassane. Bruk av mobil er ikkje tillate, berre i tilfelle der ein treng å få tak i nokon for hjelp. Dei vaksne skal ikkje stå på same plass, men bevege seg aktivt rundt.
- *Tilsette ser eller fangar opp noko i samtalar med andre elevar.*
- *Føresette tek kontakt fordi dei melder frå om at det har skjedd noko på skulen, via Visma, eller ved å ringja direkte til skulen.* Lærarane sjekkar Visma kvar arbeidsdag.
- *Eleven fortel at han/ho ikkje trivst*
- *Endring i åtferd hjå elevar, eller endring i klasse- eller skulemiljøet*
- *Nokre elevar blir stille og trekker seg tilbake i leik eller deltek ikkje i leik og aktivitetar, medan andre trer tydelegare fram og gjer beskjed når det blir vanskeleg*
- *Endringar i klasser kan vere meir bråk og uro, endringar sosialt og kva for barn som leiker saman*
- *Diskutera ekstra sårbare elevar på klasse – og avdelingsnivå*

Grip inn og stopp krenkingar med ein gong

Orre skule har nulltoleranse mot krenking, vald, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlege hendingar. Kunnskapsdepartementet har valt å ta prinsippet om nulltoleranse inn i Opplæringslova for å understreke kor viktig det er at skulen har tydelege handlingar på dette området.

Dersom ein tilsett ved Orre skule observerer hat ytringar eller andre former for krenkjande åtferd, som til dømes utestenging, isolering eller baksnakking, skal ein gripe inn med ein gong for å stanse situasjonen. Dette kan innebere å avbryte fysisk vald, stanse utfrysing eller irettesette elevar som kjem med nedsetjande kommentarar. Alt krenkjande åtferd skal takast på alvor og møtast med tydeleg reaksjon.

- *Negativ åtferd skal stoppast på ein tydeleg og respektfull måte.*
- *Snakk til ein og ein elev, heller enn heile gruppa. Bruk få ord. Gje ein tydeleg og klar beskjed.*
- *Avtal oppfølging. Gje kontaktlærar beskjed straks du har anledning til det.*

Plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er moglege å gjennomføre. Det betyr at tilsette ikkje skal stå i fare for å skade seg sjølv eller krenke nokon av elevane for å stanse situasjonane, med mindre det er nødrett eller nødverje. Fysisk inngripen er lov dersom nødvendig. Dette gjelder også psykisk krenking; ny lov av 01.08.25.

Ikkje alle kritiske utsegn og ueinigheiter er krenkingar

Kva som er krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle utsegn eller usemje er krenkingar. Skulen si oppgåve er og å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtyding. Jf [overordna del](#).

Rektor har ansvar for at alle veit korleis dei skal gripe inn

Rektor skal sørge for at alle som arbeider ved Orre skule veit at dei har plikt til å gripe inn, og at dei veit korleis dei skal gjere dette.

Skuleeigar si plikt er å sørge for at skulen har riktig og nødvendig kompetanse.

Melde frå

Alle tilsette som arbeider ved skulen skal varsle rektor om dei ser eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette skal sikre at rektor får oversyn med korleis elevane har det ved skulen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følge opp enkeltsaker.

Låg terskel

Det skal vere låg terskel for kva som skapar mistanke til at ein elev ikkje har det bra ved skulen.

Plikten til å melde frå til rektor gjeld for all mistanke. Det kan til dømes vera:

- *Basert på observasjon av elevane*
- *Tilbakemeldingar i undersøkingar*
- *Beskjedar frå føresette eller medelevar*
- *Aktivitet i sosiale media (dersom ein får kjennskap til det via elevar eller foresatte)*
- *At ein elev seier i frå at han eller ho ikkje trivst på skulen*

Skjerpa aktivitetsplikt §12-5

Dersom ein som arbeider ved skulen, får mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider ved skulen, utset ein elev for krenking, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

Kor raskt må ein varsle?

Kor raskt ein må varsle til rektor, må vurderast frå sak til sak.

Alvorlege sakar skal varslast straks. Andre saker kan det vera forsvarleg til å vente litt lenger med, til dømes til slutten av skuledagen.

I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar

I alvorlege tilfelle skal rektor varsle kommunen. Kva som er alvorlege tilfelle, må ein vurderer etter skjønn. Døme på alvorlege tilfelle er:

- *Saker der krenkingane er særleg valdelege*
- *Viss fleire elevar er involvert i mobbing av ein enkeltelev*
- *Situasjonar der krenkingane har gått over lang tid utan at skuleleiinga har klart å løyse saka*
- *Digital mobbing på tvers av skular og grove truslar gjennom sosiale media (dersom elever / foresatte informerer oss)*

Saksgang ved skulen dersom ein får melding om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

- *Stadfest at du har motteke meldinga og kva som skjer vidare*
- *Meld frå til rektor snarast*
- *Avtal og kall inn møtedeltakarane (elev, føresette, kontaktlærer, avdelingsleiar) til møte. I særleg alvorlege tilfelle, eller dette er ei sak som har hendt før, skal rektor delta i møtet.*
- *Start undersøking og dokumenter*
- *Sette inn strakstiltak og planlegg evt. andre tiltak*
- *Dokumenter*
- *I møtet skriv ein aktivitetsplan med tiltak og avtalar evalueringstidspunkt*

Melde saken til Statsforvaltaren

Dersom føresette meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenking, kan ein melde saka til Statsforvaltaren

- *Først må føresette ha teke opp saka med rektor*
- *Rektor skal ta tak i meldt sak innan det har gått 5 verkedagar*
- *Saka må gjelde skulemiljøet ved skulen barnet er elev hjå*

Ein kan uansett [ta kontakt med Statsforvaltaren](#) om ein lurar på noko.

Undersøkje

Viss nokon seier i frå at dei ikkje har det bra, skal ein alltid undersøke

Viss nokon som arbeider i skulen ser eller mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dei melde frå og skulen skal systematisk undersøke saka. Plikta til å undersøke har like låg terskel som plikta til å varsle. Viss elevar seier i frå at dei ikkje har det bra, skal skulen alltid undersøke saka nærare. Det er heilt nødvendig for å kunne sette inn gode, eigna tiltak.

Kva er dei oppretthaldande faktorane?

I ein klasse der ein eller fleire elevar blir krenka, er det viktig at ein både undersøker fakta i saken kva konkret har skjedd og kva som gjer at dette får skje. Korleis er relasjonane i klassa? Korleis er relasjonen lærar/elev? Saken kan vere så stor at det er naudsynt med ei *systemsak* på trinnet.

Ein krev meir av tilsette med omsorgsroller

Når det gjeld plikta til å undersøke, krev ein meir av personar som har ei omsorgsrolle ovanfor elevane, som til dømes lærarar, miljøterapeutar, fagarbeidarar og rektor enn av personar med andre typar arbeidsoppgåver ved skulen.

Finn ut kva som ligg bak eleven si oppleving, ikkje finn bevis

Plikten til å undersøke betyr at skulen skal undersøke eleven si oppleving av skulemiljøet. Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka.

Undersøkingane må ha som føremål å få fram fakta om situasjonane og kva som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet.

Undersøkingane skal dokumenterast.

Alle involverte elevar skal bli høyrte.

Undersøkingane skal vere grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak.

Det kan vera aktuelt å undersøke hendingar tilbake i tid eller forhold utanfor skulen, dersom desse påverkar eleven sin kvardag ved skulen.

Kjenneteikn på god relasjonspraksis

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dersom du er utsett for krenking skal du alltid melde dette til ein vaksen på skulen. Skulen ber deg og melde frå dersom du ser at andre ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

For at skulen skal kunne sørge for at alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen krev det godt samarbeid og god relasjonspraksis mellom alle brukarane i organisasjonen.

Relasjon tilsett-elev:

Tilsette ved skulen er autoritative vaksne som elevane kan ha tillit til.

Kjenneteikn på god praksis:

- Den vaksne har ein veremåte som greier å kombinere varme og kontroll
- Imøtekommande og open for eleven
- Den vaksne viser rettferd og er konsekvent
- Viser forståing og empati i møte med eleven
- Til å stole på, held og følger opp avtaler
- Ser og stadfestar elevane som enkeltmenneske
- Den vaksne er ansvarleg for relasjonen

- Tydelege forventingar og forklarar handteringa om ein ikkje held seg til forventingane
- Tek kontakt om brot på psykososialt læringsmiljø på alvor og følger retningslinjene

Relasjon elev-elev

Me forventar at alle elevane våre behandlar alle medelevar på ein skikkeleg måte. Elevane skal visa ansvar, omsorg og respekt for kvarandre.

Kjenneteikn på god praksis:

- Snakkar fint om og til andre
- Gjer opp for seg
- Inkluderer andre i leik og sosialt samvær ved skulen
- Gjer beskjed til ein vaksen om medelevar blir krenkja

Skule-heim samarbeid

Relasjonen mellom tilsette og føresette bærer preg av gjensidig respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Kjenneteikn på god praksis:

- Snakkar fint om og til kvarandre
- Den tilsette har ansvar for å gje viktig informasjon til heimen/-ane
- Tilsette og føresette har begge ansvar for at det blir etablert eit godt forhold som har god slitestyrke. Vi skal tåle å snakke om eventuelle utfordringar og alle føresette må være opne for at deira barn også kan ta feil val
- Det skal vera låg terskel for informasjon begge vegar om hendingar som rører ved grupper eller enkeltelevar innanfor rammene til teieplikta
- I dei vanskelegaste situasjonane skal begge partar søke å vere konstruktive i sitt felles mål om barnas faglege og sosiale utvikling
- Det skal vera låg terskel for møte
- Visma Min Skole nyttar ein kun til korte praktiske beskjedar, ikkje samtale om krevjande situasjonar og hendingar. Ved slike behov, skal ein ringja skulen / føresette.

Setje inn tiltak

Dersom du melder frå om at ditt barn ikkje har det trygt og/eller godt på skulen, eller skulen på anna vis oppdagar at barnet ditt ikkje har det trygt og godt, kan du forvente at skulen undersøker saka og lagar ein aktivitetsplan ved behov.

Rektor er ansvarleg for denne, men ein kan delegere at t.d kontaktlærar og avdelingsleiar skal skriva han. Det er viktig at alle møtedeltakarane kjem med forslag til tiltak, tiltaka skal vera på *individ-, klasse- og / eller systemnivå*.

Det er viktig at ein både har tiltak retta inn mot den direkte krenkinga, men også mot dei forhold som opprettheld krenkinga . Plan vert lagra i VSS (visma flyt sikker sak) i elevens mappe.

Aktivitetsplanen vil blant anna innehalda:

A) kven planen gjeld for

B) kven som har motteke varslinga

C) bakgrunn for varslinga/skilddring av utfordring

D) informasjon om undersøkingane skulen har gjort

E) eleven si stemme.

F) skilddring og grunngjeving av tiltak, når tiltaket vert satt i gang, kven som har ansvar og dato for evaluering. Nokre av tiltaka vil vera retta inn mot kartlegging, enkeltelev, grupper og klasser/trinn. Eleven sjølv skal medverke. Det er viktig at ein i utforminga av aktivitetsplanen ser på den/dei som vert utsett, den/dei som utøver og heile klasse miljøet

G) dato for når planen blei skriven, kven som medverka og dato for evalueringsmøte

H) signert av rektor (digitalt til godkjenning)

Kartleggingsverktøy ved Orre skule

[Klassetrivsel.no](https://klassetrivsel.no)

Klassetrivsel blir brukt jamleg ved skulen. *Fordi alle har bruk for å bli sett, høyrte og forstått, for å kunne trivest, dannast og utviklast i fellesskap.*

Klassetrivsel er eit trivselsverktøy for tilsette. På ein oversikteleg og sikker måte får skulen den nødvendige innsikta i eleven sine aktuelle relasjonar og trivsel for å kunne forbetre skulekvardagen til kvar einskild elev.

[Elevundersøkinga](#)

Utdanningsdirektoratet si elevundersøking på gjennomført kvar haust på 5.-10.trinn. Elevane får seie si meining om læring og trivsel i skulen. Svara blir brukt av skulen, kommunen og staten for å gjera skulen betre. Elevane får spørsmål om trivsel, motivasjon, arbeidsforhold og læring, heim-skule-samarbeid, støtte frå lærar, vurdering for læring, medverknad, reglar på skulen, trygt miljø og rådgjeving.

I dei tilfelle der elevar svarar at dei opplever krenking, skal skulen straks gå i gang med å undersøke kva for elevar dette gjeld.

Tilsyn og observasjon

Skulen har delt uteområdet inn i sonar og det er vaksne ute til ei kvar tid. Når ein har tilsyn må ein aktivt observere og vera tydeleg til stades for elevane. Ein må undersøker og gripe inn om ein mistenker krenking og ha låg terskel for å informere kontaktlærar, sosiallærar og leiing om hendingar og observasjonar i friminutta.

Orre skule 2025/2026

Siste revidert 25.09.2025

Ressursgruppa Orre skule